



Jan Frank Christiansen sluttar som AFA-leiar (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jan Frank Christiansen (54) har sagt opp stillinga si som dagleg leiar i AFA AS i Uskedalen og det blir no annonsert etter ny leiar for verksemda. Christiansen har leia den sidan den kom til Uskedalen i 1987.

AFA sysselset 24 yrkeshemma arbeidstakarar og hovudaksjonær er Kvinnherad kommune, som eig 90 prosent. Målet er å gje arbeidstakarane bidrag til høg livskvalitet på ei rekkje område.

Den daglege leiar har mellom anna hovudansvaret med omsyn til økonomi, planlegging, vurdering og forming av utvikling og personalpolitikk og at AFA er ein god arbeidsplass.

Det heiter i annonsa at det vert lagt stor vekt på menneskelege kvalifikasjonar. Selskapet har trong for ein fleksibel og optimistisk stå-på-ar med bakgrunn både frå administrasjon, økonomi og menneskehandsaming. Christiansen sa for få veker sidan til Uskedalsposten at han ynskte seg ein jobb der han kan vera ferdig når dagen er til ende og sleppa eit så omfattande ansvar, som ligg på han døgeret rundt.

- Det hadde vore herleg å kunne konsentrera seg om ei oppgåve om gongen, uttala han til Uskedalsposten. Til Uskedalen.no seier han at det ikkje ligg nokon som helst dramatikk i leiarskiftet. Avgjerda er teke i samråd med helsevesenet og familien.
 - Helsemessig har eg ikkje lenger den kapasitet som ei stilling som dette krev og etter å ha hatt ein leiar-rolle i 25 år er det ikkje unaturleg at ein ser fram mot eit rolleskifte. Også AFA treng fornying, oppsummerar Christiansen. Den nye leiaren bør vera på plass ved årsskiftet, slik at ho eller han og Christiansen kan ha ein 'flytande overgang' fram mot sommaren.
 - Har du noko anna i sikte?
 - Eg skal framleis nytte min kompetanse og erfaring, men eg ynskjer å gå djupare ned på færre felt. Her ligg det føre det fleire aktuelle alternativ, dog ikkje i Uskedalen, svarar Christiansen.
- Av Ola Matti Mathisen